Årsplan 2026-2028

Kvernhushaugen barnehage

Sogndal kommune /// Livskvalitet og utviklingskraft i Sogn

Innhald

1: Om barnehagen

2: Sogndal kommune sin visjon og verdiar

3: Barnehagen sine rammer og retningslinjer

4: Barnehagen sin visjon og verdiar

5: Aktivitetsplan for Kvernhushaugen barnehage

6: Vaksenrolla

7: Vurdering og evaluering

8: Mangfald

9: Oppstartsamtale

10: Språk

11: Trafikksikker barnehage

12: Hjartesamling

13: Overgangar

14: Dagsrytmen

Vedlegg

1: I dag har vi berre leika..
2: BTI – modell
3: Tryggleiksmodellen
4: Hjartesamling
5: Plakat om Trafikksikker barnehage

1: Om barnehagen

Kvernhushaugen barnehage er ein kommunal barnehage i eit midlertidig bygg.
Sogndal kommune har vedtatt å bygge ny permanent barnehage.
For barnehageåret 2026/27 har me 30 barn, i alderen 1-6 år.
Barnehagen ligg flott til ved anlegget til Kaupanger Idrettslag.
Barnehagen har eit uteområde som legg til rette for leik og utfolding.
Tett til barnehagen har me to fotballbaner, Tuftepark, lavvo, lysløype, Kaupangerhallen, sykkelløype, merka turområde og mykje skog som innbyr til mykje leik og utforsking.
I nærmiljøet har me gåavstand til Det Heiberske museum, Vite Meir senteret og Kaupanger skule.

Opningstida vår er: kl 0715 – kl 1615

Avdeling Haugen	tlf 476 63 570, med plass til 12 barn
Avdeling Skogen	tlf 476 64 085, med plass til 18 barn

Barnehagen har Visma app som er eit arbeidsredskap for kommunikasjon mellom heim og barnehage.

Kontor v/tenesteleiar Merete Lefdal
Tlf 470 10 283
Tlf 476 01 357 - Kontortid kl 0900-1500
e-post: Merete.lefdal@sogndal.kommune.no
Kvernhushaugen barnehage: Kvernhushaugen.barnehage@sogndal.kommune.no

Adresse: Mannhellervegen 845
6854 Kaupanger

SAMAN LAGAR ME EIN GOD KVARDAG

2: Sogndal kommune sin visjon og verdiar

Visjon: Livskvalitet og utviklingskraft

Verdiane til Sogndal kommune er SOGN

Samskaping - Me jobbar tverrfagleg, tek felles ansvar og skapar saman med dei som bur og lever her.
Open - Me er open og transparent kommune og me er opne for andre sine tankar, idear og innspel
God - Me møter kvarandre med godt humør, syner omsorg og respekt og er gode på våre arbeidsoppgåver
Nysgjerrig - Me er nysgjerrige på kvarandre, ser etter nye moglegheiter, lyttar og inviterer til mangfald.

Visjon i Sogndal kommune
Sogndal kommune legg dei overordna rammene for korleis me skal jobbe og kva me skal prioritere.
- Barnehagane i Sogndal skal vera prega av tryggleik og tillit.
- Me skal fremja demokrati gjennom respekt og toleranse.
- Gi barna høve til å utvikla evne og talent—individuelt og i saman med andre.
- Me skal ha eit læringsmiljø som fremjar undring og kreativitet, ha plass til alle og ha barneperspektiv.

Barnehagen skal vere ein lærande organisasjon, det betyr at me skal ha ei personalgruppe som jobbar for ein barnehage i utvikling. Dei tilsette skal vere engasjerte og dele kunnskap om korleis ein best kan arbeide mot organisasjonen sine mål. Dei tilsette skal kontinuerleg utforske korleis ein skal lære saman og sjå ting på nye måtar.

Her er ulike lenker til Sogndal kommune sine tverrfaglege prosjekt og handlingsplan:
System for styrka læring; Barnehageutvikling i Sogn regionråd
Barnehage- og skuleutvikling (regionraad.no)
Livsmeistring; målet er at barn og unge skal bli godt rusta til å takle medgang og motgang i livet, og at ungane skal få lik moglegheit til å utvikla god og robust psykisk helse.
Livsmeistring – robuste barn og unge - SOGNDAL KOMMUNE
Laget rundt barnet; handlar om tidleg innsats. At ein skal gå frå spesialundervisning til tilpassa opplæring og inkluderande praksis
Sogndal kommune styrkar arbeidet med tilpassa opplæring - SOGNDAL KOMMUNE
Betre tverrfagleg innsats (BTI); Dette er eit arbeidsreiskap som me nyttar saman med føresette.
Sogndal – BTI – Betre tverrfagleg innsats for barn og unge i Sogndal kommune (betreinnsats.no)

3: Barnehagen sine rammer og retningslinjer

Rammeplan sitt innhald
Rammeplanen sine fagområde skal vere ein gjennomgåande del av innhaldet i barnehagekvardagen.
- Barna lærer gjennom leik, sosialt samspel, i tilrettelagte aktivitetar og i spontane situasjonar.
- Barn lærer ved å medverke i eit sosialt fellesskap og i ein kulturell samanheng.
- Barn lærer gjennom eigne opplevingar, erfaringar, gjentaking og bearbeiding av inntrykk. Barn er ulike og skal danne si eiga identitet i samspel med familie, barnehage og samfunn.
Barnehagen skal bidra til at barna trivst og opplever livsglede, meistring og ei kjensle av eigenverdi, og den skal førebyggje krenkingar og mobbing.
Barnehagen skal og vere ein arena for dagleg fysisk aktivitet og skal stimulere rørslegleda og den motoriske utviklinga til barna.
Måltid i barnehagen skal gi barna eit grunnlag for å utvikle matglede og sunne helsevanar.

Barna som går i Kvernhushaugen barnehage skal få oppleve gode leike- og læringsmoglegheiter, og kjenne meistring kvar dag. Dei skal bli sett, få vere trygge, trivast og få omsorg.

Årsplan
Kvar barnehage utarbeidar sin årsplan ut frå barnehagelova, rammeplan for barnehagar og Sogndal kommune sine styringsdokument og handlingsplanar som legg føringar for vårt arbeid i barnehagen

Barnehagelova; Lov om barnehager (barnehageloven) - Lovdata

Rammeplan for barnehagen (2017); er ei forskrift til Lov om barnehage og skal vera retningsgivande og forpliktande for alle som jobbar i barnehage. I rammeplanen for barnehagen står det kva personalet skal gjere, og den skal vera med å sikra kvalitet i alle barnehagar, uavhengig av eigar. Rammeplan for barnehagen | udir.no

I årsplan informerer me foreldre om det konkrete arbeidet i barnehagen. Årsplanen omfattar såleis det gjennomgåande innhaldet i barnehagen, korleis kvardagen er organisert, og ei oversikt og mål for temaarbeid m.m.
Årsplanen er utarbeidd i samarbeid mellom barnehagen sine tilsette og foreldre og dannar grunnlag for pedagogisk innhald, aktivitetar og samhandling gjennom året. Årsplanen er eit arbeidsreiskap for personalet og dokumenterer barnehagen sine val og grunngjevingar.

Kvernhushaugen barnehage

Visjonen vår: - Saman lagar me ein god kvardag –
Kvardagen vår inneheld leik, glede, humor, meistring, samhald og læring.

Saman:
i dette omgrepet legg me i alle som me samarbeider med, og me skal i fellesskap gå i same retning for barna. Alle bidrar på sin måte.

- Barna, personalet, foreldre, Furuli barnehage, Kaupanger skule, helsestasjonen, PPT, Barnevern, Politi, BUP, Næringslivet

Verdiane våre:

Tryggleik - Barna skal vite at me tilsette er til stades for dei. Gje dei støtte og meistring i kvardagen. Syne glede ved å vere saman. Gje dei omsorg og tillit. Lytte, forstå og ha medverknad i kvardagen

Utforsking - Me vil oppfordre og oppmuntre barna til å oppleve og eksperimentere. Me vil ivareta barna sin nysgjerrigheit og undring. Barna kan sanse, søke, oppdage, observere og granske.
At barna kan undersøke ting dei møter på i skogen, vegen, grøftekanten. Me vil at barna skal prøve ut fargar, former, mjuk, hard og forske på kva kan me gjere med funna våre.

Leiken - Det skal vere kjekt å leike. Me tilsette skal vere engasjerte, ta initiativ, vere delaktige i leiken saman med barna. Me skal syne glede av å vere aktive, og bidra med kreativitet, fantasi og ha ulike roller i leik.
sjå vedlegg I dag har vi berre leika...

I barnehagen vår er me opptatt av å gje barna eit trygt og godt miljø, der dei kan få utfolde seg og lære gjennom utforsking, leik og aktivitetar.
Gje barna utfordrande opplevingar. Me skal ha eit inkluderande miljø der alle barn føler seg velkomen og sett. Det er og viktig at me tilsette er omsorgsfulle, og at me tilbyr eit variert og tilpassa tilbod som passer for barna sin alder og interesser.

I Kvernhushaugen barnehage tek me utgangspunkt i **årstidene** og knyter dette opp mot dei ulike fagområda.

SAMAN LAGAR ME EIN GOD KVARDAG

5: Aktivitetsplan for Kvernhushaugen barnehage – Fagområda i Rammeplanen

KOMMUNIKASJON, SPRÅK OG TEKST	KUNST, KULTUR OG KREATIVITET
• Bøker, rim og regler • Song-kort • Musikk • Eventyrformidling • Samtalar, lytte til kvarandre • Vitsar, gåter, leike-skriving • Teikn til tale • Relasjonsbygging	• Male, teikne, perle, pusle, modeller-kitt • Rolleleik, dramatisering • Song, musikk • Klippe, lime • Vatn/såpe • Erfaring med ulike formingsmateriell • Skaparglede, fantasi, kreativ tenking
KROPP. RØRSLE, MAT OG HELSE	**NATUR, MILJØ OG TEKNOLOGI**
• Dans, mini-røris • Hinderløype • Tufteparken, akebakken, lysløypa • Turar/leik i skogen, lavvo, nærmiljø • Kosthald, varmmat, lage mat ute • Hygiene • Bli kjend med kroppen • Koordinasjon, balanse • Risikofylt leik • Setje grense og respektere eigen og andre sin kropp	• Turar • Gjere eksperiment med naturen • Dyrelivet, dyrespor • Småkryp • Ta bilete, Ipad, Prowicer • Oppdage årstidene • Blomster, plukke bær, sjå på sopp, utforske livet i skogen • Eksperiment med is, snø, vatn • Kjeldesortering
ETIKK, RELIGION OG FILOSOFI	**NÆRMILJØ OG SAMFUNN**
• Undre oss • Vere snille med kvarandre • Tradisjonar - påske, jul, • Kristne verdiar, andre ulike religion/livssyn • Nasjonaldagar, merkedagar • SN – dagen • Konflikt, konfliktløysing • Sjølvkjensle, sjølvhevding • Toleranse, respekt • Sosial kompetanse • Eigne og andre sine grenser og kjensler • Hjartesamling (sjå vedlegg)	• Bruke og bli kjend med nærmiljøet • Turar til bedrifter, leikeplassar, barnehage, skule, lavvoen, museum • Trafikktryggleik • Oppleving av demokrati • Medverknad • Likeverd • Familieformer • Samisk kultur og historie • Nasjonale minoritetar
	MENGD, ROM OG FORM
Forskrift om rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver - Lovdata Me har aktivitetar til fagområda, og me legg til rette for alder og utvikling.	• Telje, stor, liten • Bruke preposisjonar i daglegtalen • Fargar, sortere • Bygge lego, puslespel, spel med reglar, tall • Samanlikne • Former • Matematiske omgrep og samanhengar • Romforståing

Rammeplanen sine fagområde skal gje ei heilheit i barnehagekvardagen. Barna lærer gjennom leik, sosialt samspel, i tilrettelagte aktivitetar og i spontane situasjonar. Barn lærer ved å medverke i eit sosialt fellesskap og i ein kulturell samanheng. Barn sin leik dannar eit viktig grunnlag for arbeidet med fagområda hjå oss.

6: Vaksenrolla

Personalet skal ta utgangspunkt i barna sitt engasjement, og bidra til at arbeidet med fagområda kan opplevast som ein meiningsfull og morosam del av barna sin kvardag.

Me tilsette skal:

- Bidra til at barna får utforske og utvikle språkforståing, språkkompetanse og eit mangfald av kommunikasjonsformer.
- skal vere bevisste og nytte språket i alle situasjonar.
- Gje barna tilgang til varierte og utfordrande rørslemiljø, sanseopplevingar og kroppsleg leik ute og inne, i og utanfor barnehageområdet.
- Vere lydhøyre, anerkjenne og respektere barns eigen tradisjonskultur og barnekultur.
- Leggje til rette for mangfaldige naturopplevingar og bruke naturen som arena for leik, undring, utforsking og læring.
- Bruke bøker, spel, musikk, digitale verktøy, naturmateriale, leiker og utstyr for å inspirere barna til å tenkje matematisk.
- Bidra til å utvikle barnas toleranse, interesse og respekt for kvarandre og for menneske med ulik kulturell og religiøs tilhøyrsle
- Sørge for at barna erfarer at vala og handlingane deira kan påverke situasjonen både for dei sjølve og for andre.
- Me legg til rette for utforsking av ulike formingsmateriell, og legg vekt på at barn skal få skape sitt eige uttrykk med dei ulike materiala

7: Vurdering/evaluering

For at planar og opplegg som me har i barnehagen skal bli best mogleg, må me heile tida evaluere og gi kvarandre tilbakemeldingar på kva som fungerer og kva som kan bli betre. Arenaer for dette er gjennom dei ulike møtepunkta våre, i grupper på tvers av avdelingane, personalmøte og planleggingsdagar.
Personalet må vera medviten si rolle som førebilete for barna, og vise det i praksis. For å få dette til er me avhengige av å skape eit godt miljø i barnehagen, der det er rom for refleksjon, evaluering, tilbakemelding og utvikling.
Evaluering av arbeidet vårt kan være; organisering av dagen, nytte personalressursane best mogleg, dagsrytmen på avdelinga, grupper, vaksenrolla og endringskompetansen vår.
Tilbakemeldingar me får frå foreldre/føresette i hente- og bringe situasjonen og samtalar med foreldre/føresette.

8: Mangfald
Alle skal føle seg velkomne i barnehagen og bli respektert for den dei er.
Alle barn er ulike, med tanke på utsjånad, språk, tru, kjønn, familie og funksjonsnivå. Mangfaldet me har i barnehagen og elles i samfunnet gjer at det er viktig å jobbe med verdiar som respekt, toleranse og likeverd.
Barna i vår barnehagen skal oppleve at mangfald er ein ressurs rundt oss. Til dømes får me levert matvare frå Ressurssenteret, og me treff på Torsdagsklubben der dei eldre møtest og har felles dugnad i Idrettsparken. Me markerer og mangfald ved å henge opp regnbogeflagget i juni og siste dag i august.
Barna skal erfare at alle kan lære av kvarandre. Me har fokus på at barna skal bli trygge på seg sjølve. Ved å gje dei opplevingar og erfaringar som medmenneske og einskild individ. Dette er med på å danne grunnlaget for at barn skal kunne ta gode val for seg sjølv og for andre.
(Rammeplan 2017, s 9)

9: Oppstartsamtale og foreldresamtale
I Kvernhushaugen Barnehage nyttar me oppstartsamtale. Ein oppstartsamtale er ein samtale med føresette til nye barn i barnehagen. Gjennom samtalen ynskjer ein generell informasjon frå barnet sitt første år, og kva forventningar føresette har til barnehagen og personalet. **Målet** med samtalen er å skape gode relasjonar med føresette, og sikre god oppstart og ein god barnehagekvardag for barnet.

På våren gjennomfører me foreldresamtalar med alle føresette til alle barna. I denne samtalen går ein gjennom kvardagen til barna i barnehagen. Me har eit verktøy kalla "ALLE MED". Det tek føre seg tema som leik, trivsel, kvardagsaktivitetar, sansing/motorikk, språk og sosio/emosjonelle utvikling.
Gjennom observasjon kan me følgje med på barna si utvikling, og for å kunne oppdage tidleg om det er noko barna treng støtte på.
Saman med dykk føresette kan me undre oss, og i fellesskap komme med felles løysing som me kan følgje opp. (BTI-metoden)

Foreldremøte
Kvar haust har me møte for føresette. På møtet blir det informasjon frå Sogndal kommune og barnehagen sine planar. Det blir praktisk informasjon frå barnehagen, og kort om ulike verktøy barnehagen nyttar som: Hjartesamling, BTI og våre tverrfaglege samarbeidspartnar.
På møtet har vi ulike caser i grupper. Her får dei føresette moglegheit til å reflektere saman om ulike utfordringar ein møter i kvardagen.
Val til eit foreldreutval (FAU) og eit samarbeidsutval (SU). Barnehagen skal ha representantar frå føresette og barnehagen.

10: Språk:
Språket går gjennom barnehageåret som ein raud tråd, og er noko ein alltid har med seg inn i aktivitetar og i kvardagen. Gjennom det neste barnehageåret vil me ha ekstra fokus på språk og språkutvikling. I Rammeplan for barnehagen står det at: «Barnehagen skal vere bevisst på at kommunikasjon og språk påverkar og blir påverka av alle sider ved barnet si utvikling. Gjennom dialog og samspel skal barna

støttast i å kommunisere, medverke, lytte, forstå og skape meining» (2017). Me vil gjennom dette året ha meir fokus på høgtlesing, song, rim og regle, og språklege aktivitetar.

Me ønskjer å gje barna eit positivt og utforskande forhold til bøker og andre formar for språkstimulerande miljø både gjennom høgtlesing i barnehagen og morosame aktivitetar med rim og regler. Song er ein stor del av barnehagekvardagen vår og me veit at song er med på å lære og utvikle språket. Gjennom song vil me og øve på rytme og takt - me har t.d små instrument som barna kan lage musikk med og som me vil nytte i frileiken og i planlagde aktivitetar saman med barna. Me tek aktivt i bruk teikn til tale i kvardagen - både gjennom formelle samlingspunkt som t.d. samlingsstund, måltid, garderobe. Og uformelle samlingspunkt som t.d leik inne og ute. Rundt om i barnehagen heng det teikn til tale plakatar der bilete og teikn heng saman. Målet vårt er at barna skal få gode opplevingar ved bruk av språklege aktivitetar gjennom barnehagekvardagen.

11: Trafikksikker barnehage

Trafikksikkertryggleik skal vere ein integrert del av barnehagane sitt systematiske internkontrollarbeid og i det pedagogiske arbeidet. Kvernhushaugen barnehage skal vere ein trafikksikker barnehage. Me har som mål at ein gjennom det daglege arbeidet skal bidra til at barna lærer å orientere seg og ferdast trygt i trafikken.

Når det er planlagt tur utanfor barnehagen sitt området snakkar ein med barna om trafikktrygg åtferd. Før me reiser ut av porten skal ein ta bilete av barna, for å dokumentere kva klede barna har på seg. Me har alltid på refleksvest med telefonnummeret til barnehagen på barn og vaksne. Det er alltid ein vaksen fremst og bakarst i rekka, dei andre vaksne fordelar seg der det er behov. I tillegg er ein vaksen turansvarleg og har hovudansvar for å ha oversyn over barnegruppa, kor mange dei er og kvar dei er. Når me er utanfor barnehagen sitt området nyttar me gangvegar, over/undergang og fortau. Stoppar heilt opp og ser til høgre og venstre før kryssing av veg. Me samtalar med barna om korleis me skal oppføre oss i trafikken, kva dei ulike skilta betyr og kva som er viktig når me ferdast i og rundt trafikkerte områder - som ein førebyggjande tryggingsarbeid som minskar risiko for skader og ulykker. Dei viktige samtalane inneheld mellom anna: Kvar skal me gå på vegen og korleis skal me vere når det kjem harde trafikantar.

Me er bevisste vaksenrolla når ein ferdast i trafikken, her har dei vaksne ansvar for å vere gode rollemodellar, og setje ord på alt me gjer. Me er glade i å vere ute på tur, og ynskjer å gi vidare gleda og kunnskapen om korleis ein ferdast trygt i trafikken vidare til barna.

12: Hjartesamling

Hjartesamling er ein metode for å kunne gje barn eit språk og verktøy til å kunne fortelje om det som er vanskeleg. Sentrale tema er berøringar, kjensler, vennskap, kroppen og hemmelegheiter.

Hjartesamling er ein metode for å førebygge vold og seksuelle overgrep. Å gje barn kunnskap om kropp og seksualitet er nødvendig. Hjartesamling er ein enkel og god

metode som barnehagen brukar i samtalar med barna for å gje dei kunnskap om desse viktige temaa. Metoden gir barnehagen eit godt system på korleis me kan jobbe med dette slik at barna blir i betre stand til å beskytte seg sjølv, seie ifrå og respektere andre sine grenser.

Me har fem ulike tema under samlingane gjennom barnehageåret:

- Berøring
- Følelsar
- Vennskap
- Kroppen
- Hemmelegheiter.

I Kvernhushaugen Barnehage gjennomføra me samlingane i aldersadekvate grupper, på denne måten kjenner barna seg trygge og har føresetnad til å forstå dei ulike tema. Gruppa skal vere liten slik at det er rom for å lytte til kvart enkelt barn og at alle barna kan involvere seg i samtalane slik dei har føresetnadar for å meistre. Det er trygge vaksne som er med i samlingane. Ein trygg vaksen er ein barna kan stole på og føle at dei kan fortelje noko som er vanskeleg til.
Etter hjartesamling vil me gjennomføre etterarbeid med barna. Her vil me gjennomføre ein aktivitet, kan vere teikning, der barna får moglegheit til å uttrykke det ein har samtala om i hjartesamlinga. Dei tilsette skal følgje opp kva barna uttrykker, og følgje det opp med undring og samtale med barnet.

13: Overgangar

Barnehagen skal i samarbeid med foreldre legge til rette for ein god barnehagestart, noko vi har gode rutinar og opplegg på. I barnehagen er det overgangar til andre avdelingar og nye grupper. Då er det viktig at vi legg til rette for det, og samarbeider på tvers.

Allereie på småbarn byrja me samarbeid med Furuli barnehage. Me er på besøk hjå kvarandre og helser på born, vaksne og me leikar i lag på barnehagane sitt område. Samarbeid på tvers av barnehagane er ein god måte å jobbe på slik at borna kjenner til kvarandre når dei skal byrje på skulen i lag.

Når dei eldste barna har eitt år att i barnehage legg vi til rette for eit tettare samarbeid med Kaupanger skule og Furuli barnehage der me vil ha felles opplegg. Denne gruppa kallar vi KOMPISKLUBBEN.
Hovudmålet for kompisklubben er å skapa eit godt og inkluderande miljø for borna som skal byrja på skulen. Då legg vi opp til aktivitetar og oppgåver som er i tråd med retningslinjer for overgang barnehage—skule i Sogndal kommune..
Plan+for+overgang+barnehage+-+skule,+Sogndal+kommune.pdf (custompublish.com)

14: Dagsrytmen

0715	**Barnehagen opnar**
Ca 0715-0830	**Frukost / leik, - felles på kjøkkenet**
Ca 0830-0930	**Leik**
Ca 0930	**Samling / Grupper**
1000	**Uteleik / Grupper avd Haugen** **Ute-inne / Grupper avd. Skogen** **Tur i nærmiljøet/skogen/lavvo**
Ca 1100-1200	**Lunsj pauseavvikling**
Ca 1200 - 1400	**Avd. Haugen sovetid** **Avd Skogen sovetid/kvile, pauseavvikling**
Ca 1330 – 1415	**Leik inne / ute / Grupper**
Ca 1415	**Frukt**
Ca 1445-1615	**Leik inne / ute - Vi avsluttar felles på avd. Skogen**
1615	**Barnehagen stenger**

SAMAN LAGAR ME EIN GOD KVARDAG

Vedlegg 1

Når barnet ditt seier at I dag har eg berre leika…
Da har barnet ditt:

Vedlegg 2. BTI-skjema

BETRE TVERRFAGLEG INNSATS. (BTI) Det er fleire modellar å følgje, og dette er ein oversiktleg overordna modell. Så følgjer det fleire detaljerte modellar innanfor dei enkelte områda.

Denne samhandlingsmodellen nyttar Sogndal kommune. Dette omhandlar blant anna bruk av **stafettlogg**, dokumentasjon, tverrfagleg samarbeid, sikring av gode overgangar og tidleg innsats.
BTI er eit nyttig arbeidsverktøy som skal nyttast i samarbeid med foreldre/føresette. Barnehagen skal saman med foreldre/føresette, undre oss ilag om barnets beste og ha fokus på tidleg dialog og involvering.

Nivå 0— Avklarar om det er grunn til å bli bekymra. (personale og føresette i samarbeid) Nivå 1— Beskriver innsats innanfor kvart enkelt teneste.
Nivå 2— Beskriver enkelt tverrfagleg samarbeid mellom fortrinnsvis to tenester. Nivå 3— Beskriver meir omfattande tverrfagleg samarbeid mellom fleire tenester

Sogndal – BTI – Betre tverrfagleg innsats for barn og unge i Sogndal kommune (betreinnsats.no)

Vedlegg 3. Tryggleikssirkelen

Denne figuren nyttar personalet i kvardagen. Me brukar tryggleikssirkelen for å forstå barnet betre.

Den trygge base og hamn for barnet er personalet på avdelinga. Den vaksne skal vere der for kvart einskild born.
Det er ein tilknytings-modell som lærer oss å sjå barnet innanfrå og forstå barnet sine signal betre.
Den skapar eit godt grunnlag for trygg tilknyting.
Det me legg inn av omsorg, trøyst, ømheit, glede og latter kjem ut igjen som psykisk helse og meistring hjå barna, me jobbar med livsmeistring.
Kvart augneblikk er ein byggekloss, der hender og fang er den trygge ladestasjonen der barna kan kome inn, lade batteria og dra ut i leiken igjen, fulle av energi

Vedlegg 4. Hjartesamling

I Rammeplan for barnehage legg føringar for at barnehagen skal ha ein helsefremmande og førebyggjande funksjon, der barna sin fysiske og psykiske helse skal fremjast.

Mobbing og krenkelsar skal førebyggast, og personalet skal ha eit bevisst forhold til at barn kan vere utsett for omsorgssvikt, vald, og seksuelle overgrep og vete korleis dette kan oppdagast og førebyggast.
Personalet skal kjenne til opplysningsplikta til barnevernet, jf. Barnehagelova §22.(s 11)

Dette er eit opplegg som handlar om førebygging av vald og seksuelle overgrep mot barn.

Tema i opplegget er: Berøring, Følelsar, Venskap, Kroppen, Hemmelegheiter.

Personalet skal planlegge samlingar, og legge til rette for alder og utvikling. Dette skal følgje Årshjul og være tema, dei åra barna er i barnehagen.

Vedlegg 5

Sogndal kommune er ein trafikksikker kommune.
Kvernhushaugen barnehage er ein trafikksikker barnehage.

Me oppfordrar føresette og følgje retningslinjene som er for at Kvernhushaugen skal vere ein trygg barnehage for barn og vaksne.